

KYRKJEBLAD FOR ÅL



GLØDER FOR VATS FJELLKYRKJE / ETTER SKULETID / BORN OG UNGE OG KRISTINE
KYRKJE I EI ANNLEIS TID / EIN BETRE SKULEKVARDAG / HÅP I KORONAENS TID

NR. 3 | 2020 | 61. ÅRGANG



*«...hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot det lys som alltid skinner fra Gud, vår skaper god.»
Frå salmen «Den blomstertid nå kommer» nr 841 2. vers*

Alle dei gode tinga



Av Liv Margit Sørboen

I skrivande stund ha me hatt desse spesielle koronatidene i vel fem veker. Eg veit ikkje korleis det er med deg som lesar, men sjølv synest eg denne tida har gått sakte, særleg dei fyrste vekene snigla seg av garde. Det var uverkeleg å gå frå jobb 12.mars og ikkje vite når eg skulle attende, og korleis det ville bli å ha heimekontor. For meg har det vore viktig å fokusere på dei gode tinga i livet for å halde motet og humøret oppe.

Ein tidleg morgontur på skareføre enten på føter, trugar eller ski, og så ein god frukost med nybaka brød og ein god kaffikopp med radio, eller Hallingdølen ved kjøkkenbordet. Skiturar eller gåturar i lag med ein god ven har og gjeve meg mykje glede denne tida. Elles har eg fått betre tid til å lesa, kanskje du og skal sjå i bokhylla og finne ei bok du ikkje har lese? Eller kanskje du kan setja i gang med litt oppussing, eller setja inn bilete i fotoalbum du har hatt liggjande i mange år...

Elles har eg funne ut at telefonen er utruleg god for å halde kontakt med vener og familie no, og det at me kan sjå kvarandre når me pratar hjelper og. Hugs å ta ein telefon til ein som sit mykje aleine heime no.

Sjølv er eg av dei som set stor pris på å kunne gå i kyrkja. No har kyrkjene og vore stengt ned, men så fint at både kyrkja her i Ål og andre stader har laga digitale gudstenester som me kan sjå i vår eigen heim. På www.hallingdolen.no eller www.kirken.no finst det mange gudstenester å søkje opp. Mange fine konsertar kan ein søkje opp på nett.

Midt i dystre nyheiter og usikre tider må me ikkje gløyme humor! Det er lurt å søkje opp gamle og nye humorprogram og få seg ein god latter. Me veit ikkje kor lenge desse spesielle tidene vil vare, men håpar at du finn dei gode tinga for deg slik at du held motet oppe. Det viktigaste er at me no tek godt vare på kvarandre.

Den digitale fasteaksjonen

Koronaviruset stoppa 40.000 bøsseberarar frå å gå frå dør til dør og samle inn pengar til reint vatn til 175.000 menneske. Konfirmantane i Ål, Torpo og Leveld samla derfor inn pengar via digitale bøsser. Fasteaksjonen vart spreidd via facebook og «spleis» - der det kom inn 25.300 kr. Resten av pengane, til saman 61 186 kr, kom inn via vipps, sms og direkte på konto. Alle pengane blir registrert på postnummer.

Sidan ingen fekk besøk på døra i år, kom det inn 20-30 000 kr mindre enn det brukar, men resultatet var likevel bra. Tusen takk for alle som gav og alle som bidrog til å spreie aksjonen! Ein spesiell takk til alle konfirmantar med foreldre. Og ein spesiell takk til Olav Moen som reiste rundt og

la flyers om aksjonen i postkassene på Torpo.

Det haster med å få fram reint vatn og såpe for å hindre koronakatastrofe blant verdas fattigaste. Kirkens Nødhjelp har kunnskapen og erfaringa som trengs. Tre milliardar menneske manglar tilgang til vatn og såpe. For 200 kr kan ein person få reint vatn livet ut. Kirkens Nødhjelp jobbar med vatn, sanitær og hygiene (WASH) i langsiktige utviklingsprosjekt og akutte katastrofesituasjonar over heile verda.

Det er framleis mogeleg å gje pengar til Kirkens Nødhjelp:

- Vipps til 2426,
- SMS VANN til 2426 (200 kr)
- Gåvekonto 1594 22 87493

Hilde Kirkebøen, diakon

Vellukka fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp er godt nøgd med fasteaksjonen dette året. På landsplan vart heile 21,6 millionar kroner samla inn, og i Buskerud nær 950.000 kr. Tala er frå 15. april.

- Fantastisk bra jobba alle saman, står det i eit takkebrev frå Kirkens Nødhjelp.



Fotografen og salmediktaren

Biletet på framsida av dette kyrkjebladet, dei fine vårblomane, har Heidi Strand Harboe tatt. Ho er også salmediktar og har mellom anna skrive salmen «Bortom tid og rom og tanke» som diakon Hilde Kirkebøen nytta i si gudsteneste 4. søndag i fastetida. I neste nummer av kyrkjebladet presenterer me salmediktaren Heidi Strand Harboe.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Arne Jensen • Liv Margit Sørboen

BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Lars Monrad Vaage • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattgard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Ikke på tilbud – gratis!

Vil du ha en gratis gave? Når noen vil gi deg en gratis gave, vil du ikke da takke, ta imot og med forventning pakke opp gaven? Er du ikke spent på innholdet?



Av Liv A. Solberg

Vi har feiret vår aller første påske med «hjemmegudstjeneste». Ikke avlyst påsken, den vil bestå for all tid, for da Jesus døde og sto opp igjen, gjorde han det for alle, for alle tider. Men hvorfor gjorde han det?

«Slik synden kom inn i verden ved ett menneske, Adam, kom også nåden til verden ved ett menneske, Jesus Kristus», sier Paulus. Den som tror dette, skal bli frelst og få evig liv.

Men hvorfor trenger vi frelsen? Hva skal vi frelses fra? Gud skapte oss uten synd, lik Ham selv, derfor tåler Han ikke synd. Så lot Adam seg lure og handlet mot Guds vilje. Slik kom synden og skapte skille mellom Gud og oss. Men Gud skapte oss til fellesskap med seg, derfor har vi en lengsel etter Hans trygghet og kjærlighet. For å komme inn i denne tryggheten og kjærligheten igjen, må synden vår betales, og det gjorde Jesus.

Noen kan lett tro at dette er et tilbud til oss mennesker. Men det er det ikke. En tilbudsvare er en vare som beholder sin verdi, men prises ned for at flere skal få råd til å kjøpe den. Vår frelse kan ikke kjøpes, den koster så mye at vi aldri vil greie å betale for den, uansett hvor mye godt vi prøver å gjøre. Nei, prisen er så høy at bare Jesus med sin syndfrihet kan betale vår skyld. Og Han har betalt med sitt eget liv. Derfor er ikke frelsen på tilbud, den er GRATIS. Ikke gratis fordi den ikke er verd noe, men fordi den er for dyr til at noen kan greie å betale den. Men fordi Gud elsker deg og meg så høyt, betalte Han selv prisen ved å gi sin egen sønn, og Jesus var villig til å betale for oss med sitt liv fordi han eier den samme kjærligheten.

Velkommen Heilage Ande!
Ingen som du kan gje oss Jesus!

Vil du ha denne gaven, helt gratis? Da må du ta imot og pakke opp. Hvordan gjør man det?

Å pakke opp gaven, Jesus, er enkelt. Du kan bare si: «Takk, Jesus, for at du døde for meg. Jeg vil gjerne ta imot deg». Da vil Jesus gi deg sin gave, en gave som hver dag har nye overraskelser å by på. Den viktigste delen i gaven er Den Hellige Ånd som vi fikk pinsedag. Det er den som gjennom Bibelen, bønningen og møtet med andre kristne lærer oss å bli kjent med Jesus, gaven for liv og evighet.

Så la oss si som Solveig Leithaug synger, nå i pinsetiden: Velkommen Heilage Ande! Ingen som du kan gje oss Jesus!

Gløder for Vats fjellkyrkje

Engasjementet til Ingrid Søbakk for Vats fjellkyrkje er knapt til å tru: Om lag 175 kyrkjekaffi har Ingrid hatt ansvaret for å organisera og gjennomføra saman med sine gode medarbeidarar! Etter 19 års teneste vil ho overlata roret til andre, men framleis vil ho ta i eit tak eller to.

Det var 12. februar 2001 at Ingrid skreiv til «vaffelgjengen»: «Etter at Kristi Randen nå har trappa ned, skal jeg prøve å ta over. Jeg har veldig lyst til dette, men er avhengig av dere.» Og ho kom til å styra vaffelgjengen i alle desse åra med organisering, innkjøp, reingjering av fjellkyrkja osv. Og i styret for fjellkyrkja har ho site i 12 år.

- *Kvifor dette engasjementet, Ingrid?*

- Sportsandaktene og gudstenestene i fjellkyrkja er uformelle; ein kyrkjelyd av bygdefolk og hyttefolk er samla. Det er kort og godt triveleg, spesielt palmesundag- og skjærtorsdagsmessa, seier ho.

- Styret i Vats fjellkyrkje vil takka Ingrid for denne flotte og uvurderlege tenesta gjennom så mange år, seier styreleiar Ingvard Solberg.

Ingrid Søbakk framom Vats fjellkyrkje påska 2020. Her har ho hatt ansvaret for om lag 175 kyrkjekaffi!

Foto: Ole Tor Oleivsgard



ETTER SKOLETID – det gode tilbudet



Signe (t.v.) og Frida elsker å lage ting og å treffe gode venner.



Olai (t.v.) og Teodor koser seg med sjakk.

Har du hørt om Etter skoletid? Tidligere menighetspedagog Johanne Marie Jordet og diakon Hilde Kirkebøen fikk ideen: Drømmen var at skoleelever på 4. -7. trinn skulle oppleve kirken som et åpent, godt og naturlig sted å være. De søkte Kirkerådet om midler. Svaret var positivt, og i 2016 var Etter skoletid et faktum.

Av Arne Jensen (tekst og foto)

Det starter etter skoleslutt mandag. I Kyrkjestugu inntar elevene et måltid. Noen gode ord om hvordan vi kan være gode mot hverandre hører med, før elevene rydder bordet og gjør seg klar for lekser.

Lekser, lek og undring

Her kan elevene jobbe selvstendig, eller få tilpasset hjelp om de ønsker det. Etter lekser følger lek. Inne er det lagt til rette for brettspill og ulike hobbyaktiviteter. Ute er det fotball, frilek og andre muligheter.

Fint å se hvordan det skapes relasjoner på tvers av klassetrinnene.

Halv fire avsluttes det hele i kirken, et rom som bidrar til felles opplevelser gjennom undring over livet og tilværelsen. Her formidles gode, positive verdier. Elevene kan tenne lys for noen de tenker på. Av og til har de fortellerstund, eller høytlesning.

Viktig integrering

Etter skoletid er et diakonalt tiltak, hvor integrering er et viktig stikkord. Både barn og foreldre skal sitte igjen med følelsen av

Born og unge og Kristine

Ho sprudlar over av entusiasme, Kristine Giljebrekke Andersen.

– Tenk å få jobbe med born og ungdom slik eg får høve til. Det er så spennande!

Av Birger Bolstad (tekst og foto)

Nei, ho sparar ikkje på godorda, kyrkjelydspedagogen i Ål. Fantastisk er eit ord ho ofte bruker når ho skal karakterise den oppvekslande slekt.

– Å bli kjent med born og ungdom er så stort!

Kristine har ein finger med i det meste av barne- og ungdomsarbeid i kyrkja her på Ål: om det er Etter skoletid eller baby-song eller Kode B med bibelkurs for 5. – 7. klasse eller Tårnagentar eller arbeid blant konfirmantane eller ... Lista kan gjerast mykje lenger.

Det blir BUK!

– Berre tenk på kor viktig alle desse

tiltaka er, BUK for eksempel. BUK (Barnas Uke i Kyrkja) er til vanleg ein leir for elevar i 1.-4. klasse dei tre fyrste dagane i sommarferien, og om hausten har me eit såkalla mini-BUK. Her samarbeider me med lokale Røde Kors, Gjeldokk hestesportsenter, museet, me har med redningshund og mange frivillige. Her er fellesskap og glede!

Men blir det BUK denne sommaren, i desse korona-tider?

Javisst! Men det blir berre ein dag, 22. juni, har soknerådet for Leveld, Torpo og Ål bestemt, og med dei same strenge og gjeldande retningslinene som i skulen.

– Det skal vera trygt å senda borna til



Kristine, kyrkjelydspedagogen. Her med påskepose (med fisk!) til borna og aktuelle premiar.

KYRKJE I EI ANNLEIS TID

å være verdsatt, uansett hvilken bakgrunn de har. Veldig fint å oppleve at de mange med innvandrerbakgrunn finner seg så godt til rette her. Det beriker miljøet.

Nå er det menighetspedagog Kristine Giljebrekke Andersen og diakonen som trekker i trådene. Med seg har de en stor stab av frivillige. Flere av disse er pedagoger med lang erfaring fra skolen. Hjelpen på kjøkkenet er ikke mindre viktig. Andre frivillige tilfører annen kompetanse. Det har vært kurs i første-hjelp, sykkelsjekk, samt bålkos i lavvo. Kristine og Hilde kan ikke få fullrost jobben de frivillige gjør. Ettersom oppslutningen om opplegget bare har økt, er de stadig på jakt etter flere medarbeidere.

Verdifullt møtested

Tilbakemeldinger fra elevene er positive. Dette er en arena hvor prestasjon ikke er viktig, noe som er med på å senke terskelen for å delta. Hvert år er Etter skoletid involvert i fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp. Elevene lærer om utfordringer i land med mangel på rent drikkevann. Stor takk til foreldre som kjører elevene rundt under innsamlingen! Her er elevene med på å redde liv, bokstavelig talt.

Mennesker trenger mennesker. I så måte er Etter skoletid et verdifullt bidrag når det gjelder å møtes på tvers av grenser som ellers lett skaper skille mellom oss.

BUK, seier Kristine, som er svært opptatt av korleis born og unge eigentleg har det i desse koronatider.

– Me blir alle tvinga til å tenkja kreativt, seier ho. Og det gjer sanneleg denne kyrkjelyds-pedagogen. Høyr berre:

Lag ein fisk

Ved påsketider la ho ut på Facebook ei melding om at interesserte born kunne få ein pose med spennande innhald. Posen inneheld sundagsskuleblad, plantefrø og hobbysaker. Foreldra kunne henta posen framom den lokale kyrkja. – Responsen var så god. Mange av borna vart kjempeglade!

Så vart alle borna inviterte til å laga ein fisk, ja, ein fisk! – Det er jo morosamt, det, samstundes som fisken er eit kristent symbol. Fisken skulle vera med på ei gudsteneste i april. Og av dei som deltok, skulle me trekja ut tre vinnarar, med fine premiar. Det vart Emil (hovudpremie), Laura og Jonas.

For meg handlar kyrkja om fellesskap. Om å være nær menneske. Til kvardags og til fest. Eg får dele nokon av dei mest jublende øyeblikka hjå enkeltmenneske og familiar. Men eg får òg dela nokon av det mørkaste stundene i andre sitt liv. Som prest kjem eg tett på livet, slik det er. På godt og vondt.

Av Vigdis Moen Storhaug

Difor kjennest det som eit paradoks no når koronaepidemien herjar, at vi ikkje kan møtast. Verken på kontoret eller i kyrkja. Då er det godt at vi kan møtast på telefon, gjennom meldingar, og på ulike digitale plattformer.

Det er mange som er kreative i desse dagar. Det er mykje god omsorg som kjem fram i dagen. Både innanfor og utanfor kyrkja. Her i Ål har vi vore heldige å få samarbeide med Hallingdølen om å legge ut gudstenester på deira nettside. Så er eg smerteleg klar over at ikkje alle er på nett. Då er radio, TV gode alternativ.

Kyrkja blir opna gradvis, og dei første planlagde gudstenestene her i Ål, kjem i pinsa. Med ei grense på 50 deltakarar.

Det same gjeld for dåp og vigsel. Vi håpar det vil bidra til at fleire vil velje å gjennomføre dei planlagde festdagane!

Det er viktig at gravferder blir gjennomført så normalt som mogeleg, sjølv om dei ikkje blir opne for alle som kunne ønskje å koma. Gravferda er viktig for sorgarbeidet i møte med døden.

Konfirmasjonane som skulle vore i mai og juni, er utsett til september. Tidspunkta finn du på side 7 her i kyrkjebladet under overskrifta «Vi går i kyrkja».

Vi i kyrkja vil ta kontakt med dei som hadde planlagt dåp i mars/april/mai/juni, og tilby dei eigne dåpsgudstenester. Det kan vere på den dato som dåpen var planlagt, eller vi kan finne ein annan sundag eller kvardag. Vi vil tilpasse det etter behov. 2020 skulle vere eit år med satsing på dåp i Den norske kyrkja. Difor vil vi gjerne døype, både born og andre i samsvar med dei retningslinene som gjeld for smittevern. Om det er ønskje om det, kan vi gjerne ha ei markering med velsigning av barnet i ei open gudsteneste seinare.

Noko av det same tenkjer vi i høve til vigsel. Brudeparet kan kome til kyrkja og gje kvarandre sitt ja. Saman med forlovarane og nokon andre utvalde. Så kan feiringa kome på eit seinare tidspunkt. Vi kan òg avtale

Det er mange som er kreative i desse dagar.

tid og stad for ei forbøns- og velsigningshandling med festlyden til stades. Slik vi gjer når det er kyrkjeleg velsigning av borgarleg inngått ekteskap.

Gå gjerne inn på nettsida til kyrkjelydane i Ål om det er noko du lurar på. Aal.kyrkja.no. Vi tek atterhald om at alt er oppdatert. Vit at vi òg er tilgjengelege på telefon. Både sekretærar, musikarar, kyrkjetenarar, kyrkjevevjerje, diakon, trusopplærar og prestar. Vi er i arbeid så sant vi er friske!

Så seier vi på gjensyn, så snart det blir opning for det.

MISJONSPROSJEKTET FOR
LEVELD, TORPO OG ÅL KYRKJE:

Ein betre skulekvardag

*Ei god utdanning er ein veg ut av fattigdom.
Nepal er eit av verdas fattigaste land.
40 prosent av befolkninga er under 16 år.
God utdanning er ein forutsetning for utvikling
og ein veg ut av fattigdommen.*

Glade skuleborn i Nepal. (Foto: Terje Holmedal)

90 prosent av borna i Nepal startar på skulen, men berre halvparten av dei som startar i fyrsteklasse, fullfører.

Berre 63 prosent av dei som går opp til grunnskuleeksamen, består og får mogelegheit til vidare utdanning. Årsaka er at kvaliteten på utdanninga ikkje er god nok. Mange av lærarane har ikkje høgare utdanning. Dei gjer som dei sjølv lærde: Brukar pugging og disiplin med truslar og straff.

Frå 2019 – 2022 skal me vera med å støtta m.a. skoling av lærarar i Dathing fylke som ligg i Himalaya. Me har inngått avtale med Himalpartner, organisasjon som før gjekk under namnet Tibetmisjon.

Seks skular som er bygd oppatt etter jordskjelvet som ramma

dei for nokre år sidan, støttar me. Solide gode skulehus har det vorte. Lyse fine rom med puter til å sitja på slik at elevane ikkje fryr. Bøker og alt som trengs i undervisninga. Og i tillegg lærarar som går på kurs. Det lærarane lærer på kursa, har ringvirkningar i heimane og. Det blir ikkje lenger pryl og straff, men samtalar.

Me takkar for alt de har vore med og gitt til dette arbeidet. Så langt i år er det kome inn ca. 51.000 kr. Så korona-krisa skal ikkje hindra oss i å senda det me har avtale om dette året heller.

*For Misjonsrådet i Leveld,
Torpo og Ål sokn
Sigrun Kaslegard*



FAKTA OM HIMALPARTNER:

Norsk misjons- og bistandsorganisasjon grunnlagt i 1938 som Den Norske Tibetmisjon. Endra namn til HimalPartner i 2010. Arbeider i Himalaya, i Nepal og dei tibetanske områda i Kina. Ordet «Himal» tyder snødekte fjell. Formål og verdiar: Misjon skjer gjennom ord, handling og nærvær – i Jesu namn! Arbeider i partnarskap med nøye utplukka partnarar og støttar arbeid innan mental helse, utdanning, næring og miljø. Har for tida to utsendingar i Nepal og to i Kina. Utsendingane skal vera rådgjevarar og brubbyggjarar mellom Noreg og samarbeidspartnarane.

Viktige medarbeidarar for organisasjonen har vore Ingeborg Skjervheim og Tullis og Odd Hoftun.

Kjelde: Nettsida til Himalpartner: <https://www.himalpartner.no>

VI GÅR I KYRKJA

MAI

31.05.2020	Joh 20,19-23
Ål kyrkje	10.00
Leveld kyrkje	12.00

JUNI

06.06.2020	Joh 20,19-23
Ål kyrkje	11.00

07.06.2020	Matt 28,16-20
Leveld kyrkje	11.00

14.06.2020	Matt 3,11-12
Torpo kyrkje	11.00

21.06.2020	Luk 14,15-24
Ål kyrkje	11.00

28.06.2020	1 Kor 9,24-27
Leveld kyrkje	11.00

JULI

05.07.2020	Matt 7,15-20
Ål kyrkje	11.00

12.07.2020	Luk 5,1-11
Torpo kyrkje	11.00

Kyrkjene i Ål opnar opp att 31. mai

Frå og med 1. pinsedag, altså 31. mai, blir det opne gudstenester her i prestegjeldet att. Men førebels kan berre maks 50 personar delta, i fylgje smittevernreglane. Heretter gjeld gudsteneste-lista. Velkomen til kyrkja!

Det er nye datoar for konfirmasjonar i Leveld, Torpo og Ål. Vi håper dei kan gjennomførast i september!

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut fyrste veka i september. Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: aal.kyrkje@hallingnett.no **innan 7. august 2020.**

19.07.2020	Luk 15,1-10
Leveld kyrkje	11.00

26.07.2020	Matt 6,19-24
Nystølskyrkja (ute: verforbehold!)	11.00
Torpo kyrkje	18.00

AUGUST

02.08.2020	Rom 8,31-39
Ål kyrkje	11.00

09.08.2020	Luk 5,27-32
Leveld kyrkje	11.00
Sangefjell naturkatedral	13.00

16.08.2020	Matt 23,37-39
Torpo kyrkje	11.00

23.08.2020	Matt 6,24-34
Leveld kyrkje	11.00
Ål kyrkje	18.00

30.08.2020	Matt 25,14-30
Leveld kyrkje	11.00

SEPTEMBER

06.09.2020	Matt 20,1-16
Torpo kyrkje	10.30 og 12.30
Konfirmasjon	
Konfirmant-presentasjon	19.00
Ål bygdemuseum	11.00

Ikkje formiddagstreff og sommartur

Det blir dessverre ingen sommartur i år og heller ikkje formiddagstreff med det første på grunn av Koronaviruset. Helsedirektøren antydar at alle treff med over 30 personar kanskje må utsetjast til 2021. Men me jobbar med alternative løysingar for arrangement knytt til kafe TID, der me kan ha stor avstand mellom borda.

Hilde Kirkebøen, diakon

12.09.2020	Matt 20,1-16
Ål kyrkje	11.00
Konfirmasjon	

13.09.2020	Fil 1,9-11
Leveld kyrkje	11.00
Konfirmasjon	
Leveld kyrkje	19.00
Presentasjon av nye konfirmantar	

20.09.2020	Mark 7,31-37
Ål kyrkje	11.00
Konfirmasjon	
Ål kyrkje	19.00
Presentasjon av nye konfirmantar	

DØDE

Ål

07.03.2020	Ingjerd Berg Helleland
15.04.2020	Aslaug Tretterud
16.04.2020	Salve Heia

Leveld:

03.03.2020	Lars N. Tveito
04.03.2020	Engebret Dusegard

Vatning på kyrkjegarden i Leveld

Leveld Bygdekvinnelag vil også i år ordne med vatning på kyrkjegarden i Leveld. Vatninga startar 25.mai og held fram ut august. Det blir ikkje kravt betaling, men dei som vil, kan sende ein liten sum til konto nr. 2320 20 60439.

Borgny Feten



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløysing, foreldrerettlegg, mekling m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

www.familievern.no
www.bufetat.no


Håp i koronaens tid

Av Arne Jensen

I lengre tid har et lite virus ført til at vi har snudd opp ned på mye både i livet, landet og verden. Håndvask og avstand synes være enkle, overkommelige forholdsregler, men alle restriksjoner som er innført har en pris.

Statsministeren står i førstelinje når det gjelder å håndtere situasjonen. Under en pressekonferanse sa hun: «Det skaper frykt. Det skaper uro. Men det får også frem det fineste i oss: Vår evne til å ta vare på hverandre.» God sagt! Medmenneskelig omsorg er en avgjørende brikke når trygghet skal bygges. Også Bibelen er tydelig på dette. «Som jeg har elsket dere skal dere elske hverandre», sier Jesus. Paulus følger opp, og oppmuntrer oss til å tjene hverandre i kjærlighet.

Kriser, katastrofer og ødeleggelser er ikke noe nytt. Allerede i Det gamle testamente finner vi eksempler. Som kristen har jeg imidlertid en kilde til å øse av, i tillegg til den mellommenneskelige, det være seg om dagene er gode eller onde. Bibelen taler om et håp som stikker dypere enn all den neste-kjærlighet vi noen gang vil være i stand til å mobilisere. «Kast alle bekymringer på ham, for han har omsorg for dere» sier Peter, med henvisning til Jesus. Når jeg tar Jesus inn i min angst, skjer det



noe usynlig, men samtidig virkelig i angsten.

På samme tid som pandemien raser har kristne over hele verden sunget om og tilbedt Jesus som Herre og som Frelser. Salmedikter og forfatter Svein Ellingsen, som døde Palmesøndag, sa det slik: «Døden må vike for Gudslivets krefter! Du som var død, er vår Herre i dag!» Denne sannhet er bakgrunnen

Uansett hva som skjer på jorden, så er Jesus Herre.

Ingen pandemi endrer dette.

for at vi kan lovprise den hellige Gud samtidig som verden opplever kaos. Dette kan synes selvmotsigende, men det er ofte gjennom paradokset evangeliet blir synlig. Jesus vil veldig gjerne

bære noe av vår lidelse, vår bekymring og angst. Men for ham er dette fellesskapet like viktig når våre dager er gode. Hans tanker for livet strekker seg utover livet. Den avgjørende brikken i dette bildet er Påskedag, en dag som endret historien.

Ut av graven lot Gud det komme liv. Under midnattsmessen påskeaften sa paven blant annet: «På underfullt vis har Du skapt mennesket. På enda mer underfullt vis har Du forløst oss.» Uansett hva som skjer på jorden, så er Jesus Herre. Ingen pandemi endrer dette. Det gjør at troen hver eneste dag kan oppleve Jesus som sikkerheten i det usikre og håpet i det håpløse. Gjennom troen på Jesus ser vi livet vårt i lys av evigheten. Det vil også prege troens liv her og nå.

Så mange sjåarar!

Kyrkja i Ål har samarbeidd med Hallingdølen om å leggja ut gudstenester på deira nettside. Her eit skjermbilete av prost Sveinung Hansen i Ål kyrkje 1. påskedag. Dette programmet hadde 748 treff, det vil seia omlag 1.120 sjåarar. Nettgudstenesta med flest treff i påska var palmesundag, 977 treff og om lag 1.466 sjåarar, i følgje John Storhaug i Filmproducentane AS. Aldri har vel prest og musikarar hatt så mange tilhøyrarar på ein gong i Ål kyrkje!



Foto: John Storhaug